



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 17.12.2023

Flesberg kommune
post@flesberg.kommune.no

Detaljreguleringsplan for Gvelven feriegrend (planid 2021003)

Naturvernforbundet i Buskerud (NiB) vil uttale seg om detaljreguleringsplanen for Gvelven feriegrend. NiB konsentrerer seg om utvidinga austover frå eksisterande hytteområde.

Samandrag

Gvelven hyttegrend ligg i 5km sør for Hoppestadvatnet i Flesberg, på austsida av Blefjell. Flesberg kommune. Topografien er temmelig slak, og med få knausar eller forhøyningar. Planområdet er skogkledd med fleire mindre eller halvstore myrar.” Planområdet blei kartlagt av Asplan Viak og det blei registrert fire naturtypar, gammal gran og furuskag av middels verdi og rikmyr av stor verdi. Skogen ber preg av at den ikkje er flatehogd og er derfor viktig leveområde for fugl som likar seg i gammal skog. Granmeis, som er på Raudlista med status sårbar, er ein slik fugleart.

Det blir planlagt ei utviding av hyttegrenda austover. Dette er eit eksempel på bir-for bit nedbygging av naturen. Naturen rundt Blefjell er allerie bygd ned på alle kantar, og villreinen er pressa. Ei utbygging vil føre til nedbygging av natur og auka klimautslepp både i byggetida og i etterkant. Flesberg kommune har fra før ei tomtereserve på om lag 1300 hytter. I staden for å planlegge nye hytteområde bør kommunen gjennomføre ein planvask og vurdere om gamle planar er i tråd med nye krav til planar.

Dei store linjene - klima og naturkrisa.

Verda står nå midt i både ei klima- og ei naturkrise.

Klima

Temperaturen på jorda har stige med 1,25 grader sidan industriell tid starta, og dette merkar me godt både i Norge og resten av verda. Konsekvensane er flaum, storm, tørke, brear som smeltar, minkande matproduksjon, og mange millionar menneske på flukt. Parisavtalen forpliktar alle land å melde inn nye eller oppdaterte mål for utslepp av klimagassa kvart femte år. Norge sine forsterket klimamål er å redusere utsleppa med minst 50 og opp mot 55 % innan 2030 i forhold til 1990-nivået. Hittil har Norge bare redusert utsleppa med 5,5% Det betyr at me skal redusere klimagassutsleppa våre med 50% dei neste 7 åra. Nyare forskning viser at øydelegging og nedbygging av natur er ei stor kilde til utslepp.

Natur

I desember 2022 blei det endelig inngått ei ny naturavtale i Montreal, Canada. Naturavtalen er basert på det omfattande vitskaplege arbeidet til det internasjonale Naturpanelet(IPBES), og er derfor godt vitskapleg forankra. Naturpanelet samanstillar kunnskap om korleis det går med naturen, og gir samstundes svar på kva som skal til for å snu utviklinga. I følge Naturpanelet kollapsar viktige økosystem fleire stader i verda, og ein million artar står i fare for å dø ut. Naturpanelet seier at det ikkje er nok å stanse naturtap, me må også reparere øydelagte område. Me må ha meir natur - ikkje mindre. Naturavtalen har 23 delmål. Det første målet handlar om arealforvaltning og har ordlyden: “Alle areal skal forvaltes på en måte som sikrer naturen, og områder som har stor betydning for naturmangfold skal ikke gå tapt.” Det overordna målet for Naturavtalen er at verdas land skal stanse og reversere tapet av natur innan 2030.

Arealendringar er hovedårsaka til at både artar og naturtypar står i fare for å bli borte i Norge. For ni av ti trua artar på raudlista er arealendringar hovedtrusselen. Nedbygging og øydelegging av natur er ei kilde til utslepp av klimagassar, og ein trussel mot biologisk mangfold. Kommunane må ta sitt ansvar for å bidra til å oppfylle måla i både

Parisavtalen og Naturavtalen. Konklusjonen må vera at tida for den store og omfattande hyttebygginga er over.


Planområdet:

Planbestemmelsen seier dette om hensikten med planen:


“ Hensikten med planen er å tilrettelegge for ny frittliggende fritidsbebyggelse i form av fortetting av eksisterende hyttefelt, og en utvidelse av hyttefeltet østover i uberørte natur- og friluftsområder. Utvidelsesområdet ligger utenfor dagens planområde, men inkluderes i ny detaljreguleringsplan. I forbindelse med revisjonen gjennomgås planbestemmelsene for hele området på nytt.

Planområdet ligger rundt 5 km sør for Hoppestadvatnet, på østsiden av Blefjell i Flesberg kommune. Det ligger om lag 430-520 moh., er i dag ubebygget og har en størrelse på om lag

440 dekar. Planområdet er overordnet svakt hellende fra vest mot øst. Topografien er temmelig slak, og med få knauser eller forhøyninger. Planområdet er skogkledd med flere mindre eller halvstore myrer.”



Blå sirkel viser posisjonen til planområdet.



Utviding av feltet vist med raud farge.

Kunnskapsgrunnlaget

Det er kommunen si plikt å sørge for at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med Naturmangfaldlova §8-12. Det er utført ei naturkartlegging i området. Asplan Viak ved Rein Midteng har stått for dette. Det blei registrert fire naturtypar, gammel gran og furuskog av middels verdi og rikmyr av stor verdi. Det er veldig viktig at desse blir tatt vare på både i byggetida og i etterkant.

I rapporten til Asplan Viak står det at: «Skogen i området er såkalt svak naturskog, dvs. at det er eldre flersjiktet naturlig forynget skog, men som i stor grad mangler virkelig biologisk gamle trær (>200 år) og dødved. Helt unntaksvis finnes stedvis helst mindre ståande, døde gamle furuer, såkalt gadd. I naturtypelokaliteten er det også innslag av biologisk gamle trær og også forekomster av stående og liggende (såkalt læger) dødved. Kontinuiteten i gamle trær og liggende dødved er svak-brutt i hele området, bortsett ifra naturtypelokaliteten hvor det er svak-stedvis middels god kontinuitet. Derimot er kontinuiteten i tresjiktet god der hvor eldre skog finnes. Dvs. flatehogst i slik skog har ikke skjedd, og dermed har slike områder verdier for fuglearter avhengig av eldre naturlig forynget skog.». Videre: «Den trua (VU) fuglearten granmeis ble observert i planområdet i januar 2019.

Det er negativt i forhold til kunnskapsgrunnlaget at synfaringa ikkje blei gjort i hekke- og yngletida, og at fugl ikkje hadde spesiell fokus. Det er derimot positivt at kartlegging av myr som ikkje var fanga opp av kartverket var ein del av oppdraget.

Fugl

Fugl er ei dyregruppe som er lett å observere. Allikevel er systematiske registreringar av fuglelivet tidkrevande og sjelden gjennomført for store deler av norske kommunar.

Kilder for informasjon om fuglelivet, slik som Artsobservasjonar (artsobservasjoner.no) gir ofte eit betre bilde av kor det har vore eller ikkje har vore amatørornitologar som har registrert observasjonar enn faktisk informasjon om fuglefaunaen.

Fugl er ein god indikator på tilstanden i naturen. Dei siste åra har me fått melding om nedgang i mange fuglebestandar. Ny studie viser at talet på fjellfugl er redusert med hele 10 % sidan årtusenskiftet. Årsakene er sannsynlegvis endra arealbruk i fjellområda og klimaendringar. Det kom ny raudliste i 2021 og det blei ei auke av raudlista fugl på 11 artar. 93 artar er nå på den norske raudlista - heile 40 % av dei som blei vurderte.

Gammal barskog er viktige leveområde for ei rekke artar, blant anna granmeis som har status nær trua på raudlista etter ein tilbakegang på 30–50 % dei siste 10 åra. Lavskrika er også veldig avhengig av gammal skog. Dei er stasjonære, lever i familiegrupper og hamstrar mat gjennom heile sommarhalvåret. Store endringar i leveområdet kan vera veldig negativt. Det er grunn til å tru at skogen i Gvelvenområdet kan vera eit viktig leveområde for lavskrike, granmeis, hakkespettar, orrfugl og storfugl som lever i gammal skog.



Lavskrike



Granmeis

Myrområda er viktige for fugleartar som er knytt til våtmark. Naturtypen er under sterkt press og store myrområde er bygd ned av hytefelt. Fugl som rødtilk og rugde er har nedgang i bestanden.

Villrein

Norge har den siste resten av den europeiske villreinstammen. Me har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på den. Bit- for bit utbygging og andre ting har ført til at villreinen nå er på Raudlista med status nær trua. Blefjell er eit lite fjellområde med press frå hyttebygging rundt heile fjellet.

Auka ferdsel inn i villreinområdet vil vere negativt

Myr

Det er mykje myr i planområdet. Myr er eit viktig karbonlager, ein reknar med at 1 meter med myrjord har lagra karbon i 1000 år. Dersom myra blir øydelagt vil dette ende opp som klimautslepp. Myr er ein viktig flaumdempar, myr rensar vatn, er levestad for mange artar, og eit område for rekreasjon og matauk. Staten bruker mange millionar på å restaurere myr, mens kommunane bygger ned i stor stil.

4.12 2023 sende Miljødirektoratet ut ei pressemelding der dei foreslår eit forbod mot nedbygging av myr for å redusere klimagassutsleppa og ta vare på trua artar. Forbodet Miljødirektoratet foreslår vil gjelde all myr i Norge, uavhengig av torvdybde og høydelaag. Dette tilsvarer i underkant av 30 000 km², det vil si omtrent 9 % av arealet i Norge.

“ – I vårt forslag vil det kun være mulig å gi tillatelse til bygging i myr hvis tiltaket er helt nødvendig av hensyn til vesentlige samfunnsinteresser, slik som bygging av samfunnskritisk infrastruktur, eller i andre særlege tilfeller når det er nødvendig for regional eller viktig lokal infrastruktur. Nødvendig vedlikehold rammes ikke av forbudet”, seier miljødirektør Hambro i pressemeldinga.

I pressemeldinga står det vidare at «En del tiltak som for eksempel fritidsbebyggelse på myr vil trolig ikke bli gjennomført på grunn av et slikt forbud, og noen tiltak vil kunne bli flyttet til områder som allerede er nedbygd. Men det kan også føre til økt press på andre naturtyper. Kommunene må fortsatt vurdere konsekvensene for natur og klima når de regulerer arealer. “

Friluftsliv.

Kommunen har registrert store delar av planarealet som viktig område for friluftsliv. Det er viktig at desse blir tatt omsyn til i planarbeidet. NiB viser til “Rettleiar for planlegging av fritidsbustadar som kom fra Kommunal og Distriktsdepartementet i 2022. I punkt 6.3 Friluftsliv og ferdsel heiter det mellom anna: «Ønsket om å utøve friluftsliv og få naturopplevingar er ein viktig grunn til at mange vil eige ein fritidsbustad. Nye fritidsbustader og auka tilrettelegging for friluftaktivitetar gjev fleire sjansen til å oppfylle dette ønsket, men kan også føre til nedbygging eller redusert tilgang til friluftslivsområda. Attraktiviteten til eit fritidsbustadområde heng nært saman med natur- og landskapskvalitetane i området. Utbygginga må derfor balanserast slik at natur- og landskapsverdiane blir sikra, og slik at områda ikkje mister attraktiviteten sin som friluftsområde. Mykje av hyttebygginga i fjellet skjer i skogbeltet i overgangen til snaufjellet. Slike skogbelte er ofte viktige som friluftsområde i tillegg til at dei er viktige for naturmangfald, visuell og vindmessig skjerming, og i mange tilfelle også som beiteområde. Dette er omsyn som må leggast vekt på ved lokalisering av nye fritidsbustader. I område med samanhengande fritidsbustad og stort utbyggingspress er det viktig å ta vare på grønne korridorar mellom hyttefelta.”

Vatn

Det er viktig at 100-metersbeltet langs vassdrag blir tatt omsyn til, og at kantvegetasjonen blir tatt vare på. Det er viktig for livet i vassdraget og dempar avrenning ut i vassdraget. Avrenning frå hytteområda må ikkje føre til dårlegare kvalitet på vatnet.

Lys

Det har vist seg at insektlivet er sterkt negativt påverka av kunstige lyskilder i naturen. Verda opplever stor nedgang i insektbestanden, i enkelte område over 70 % nedgang. Det blir viktig å ha det i tankane når reguleringsplanar blir utarbeidd. Små glasflatar og minimalt med utelys er viktig. Utstrekt lyssetjing gjer at større hytteområde er svært synlege i mørket. Dette reduserer moglegheitene til å oppleve stjernehimmelen, og kan ha negative konsekvensar for insekt og andre dyr. Det må vera forbode å ha på utelys dersom ein ikkje er på hytta.

Landskap

Kommunal og distriktsdepartementet kom i juni 2023 med dokumentet “Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.” I kap.5.3: Ta vare på naturmangfald , friluftsiinteresser og kulturmiljø står det: “Vi har i dag meir enn 445 000 fritidsbustader, og talet har auka jamt dei siste 20 åra. Fritidsbusetnad utgjer eit viktig næringsgrunnlag i mange kommunar. Samtidig kan vidare utbygging i mange tilfelle ha negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv, klimagassutslepp, landskap og kulturmiljø, og føre til konflikt med landbruk, reindrift og andre næringar. “Rettleiar for planlegging av fritidsbustadar” seier om landskap i punkt 6.1: “Landskapet omfattar alle naturgjevne og menneskeskapte eigenskapar ved eit område, dvs. naturverdiane, naturressursane, kulturmiljøet, friluftslivet og dei fysiske omgjevnadene ein kan sjå og oppleve på ein stad. I tillegg rommar landskapsomgrepet måten vi oppfattar eit område på og verdiane vi gjev det. Europarådets landskapskonvensjon forpliktar oss til å leggje vekt på og ta omsyn til landskapet i all planlegging. Fritidsbustadene ligg som regel i overgangen mellom dei landskapa vi opplever som naturgjevne, og dei vi oppfattar som menneskeskapte. Det er viktig å sikre at bygningane og infrastrukturen blir lokalisert og utforma slik at særpreget og identiteten ved landskapet blir sikra på ein god måte. Fritidsbygga må tilpassast forma på landskapet, vegetasjonen, naturmangfaldet, kulturmiljøet, beiteverdiar mv. Ei samling av fritidsbygg vil ofte medføre mindre nedbygging av natur og gje betre landskapstilpassing enn eit spreidd utbyggingsmønster. Verknaden av den einskilte hytta og hyttefeltet er større enn sjølve arealbeslaget, og utbygginga kan påverke verdiar som ligg langt utanfor tomta og planområdet. Store fritidsbustadområde kan prege landskapet i vid omkrins og redusere moglegheitene til å oppleve urørt natur og intakte landskap med kulturhistoriske verdiar.” NiB reknar med at dette blir tatt omsyn til i planlegginga.

Landbruk

Naturvernforbundet registrerer at konflikten mellom hyttefelt og landbruket er aukande. Hyttefolket irriterer seg over beitedyr i nærleiken av hytta, og mange er redde for å møte flokkar av storfe på tur. Laushundar som jagar og drep sau er vanlig i område med stor ferdsel. Hyttefelta reduserer beiteområda til gardbrukarane som ønskjer å drive landbruk, men som opplever at nabogarden "treng" dette området for rekreasjon til hyttefelta sine. Beiteressursen kan bli verdifull i framtida for å kunne produsere eigen mat i ei usikker verd. Det er lite framtidsretta å bygge ned god beitemark eller dyrkbar jord.

Klima

Hyttebygging fører til klimautslepp både i byggeperioden og i etterkant av bygginga. Det er viktig å ta omsyn til dette i planarbeidet.

Energi

I følge styresmaktene kjem me til å mangle energi om relativt kort tid. Det må derfor stillast krav til alternative energikilder, som solceller, eller jordvarme for nye hytter.

Planbestemmelsene

NiB har tre konkrete forslag til endringar i planbestemmelserne:

2.1.6 Strøm og energikilder

“Feltet tilrettelegges for fritidsbebyggelse med høgstandard løsninger, dvs. innlagt strøm, men det tillates også alternative løsninger som f.eks. at hele eller deler av strømforsyningen oppnås ved f.eks. hjelp av solcelleenergi. Det bør vektlegges energieffektive bygningsløsninger, f.eks. ved at energibehovet dekkes av fornybar energi, f.eks. bioenergi, solenergi, varmepumper etc.”

NiB: Varmepumper er strengt tatt ikkje fornybar energi, men energieffektivisering.
Jordvarme må også med i bestemmelsen. Hytten må vera energinøytrale.

2.1.8 Utearealer

“Utbelysning i tilknytning til bebyggelsen skal være skjermet og dimensjoneres for å unngå negativ eksponering til naboer og fjerntliggende omgivelser. Lyskilden skal være skjermet i forhold til horisontalplanet og lyse ned.

NiB: *Utelys må vera avslått når hytta ikkje er i bruk.*

2.1.10 Utforming, farge og materialbruk

“Tak skal utformes som torvtak, tretak eller annet ikke-reflekterende materiale. Solcellepanel tillates plassert på tak så lenge panelene er i et ikke-reflekterende materiale.”

NiB: Her blir det estetiske vektlagt i for stor grad.

Det må i større grad oppmodast om å bruke alternative energikilder som solceller.

Konklusjon

Ei uviding av Gvelven hyttegrend austover fører til at nye område blir bygd ned. Områda rundt Blefjell har ei rekke hytteområde som fører til stort press på natur. Det er nedgang i dyre og fuglebestandar knytta til denne type natur, og dette er eit typisk eksempel på bit-for bit nedbygging. Etter at Norge hadde skrive under på Naturavtalen i fjor uttalte Klima og Miljøminister Barth Eide at tida for den store og omfattande hyttebygginga var over. Flesberg har ei tomtereserve på om lag 1300 tomter. Det trengts ikkje fleire tomter. Kommunen burde i staden gjennomføre ein planvask, og gå gjennom gamle planar for å sjå om dei held mål etter standarden me bruker i dag.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal - leiar.

kopi: Statsforvaltaren i Oslo og Viken.